

Norwegian Centres of Expertise

NCE Maritime CleanTech

transport

MARITIME

ENERGY EFFICIENCY
activities

COLLABORATION
TECHNOLOGIES

CLUSTER
CLIMATE

THE WORLD-LEADING CLUSTER FOR CLEAN MARITIME SOLUTIONS

ÅRSMELDING 2014

1. Dette er Maritime CleanTech

Maritime CleanTech West, no Maritime CleanTech (MCT), vart etablert i mars 2011, og har som føremål å gjennom klyngeutvikling skapa framtidsretta, innovative og konkurransedyktige løysingar innan maritim sektor som reduserer miljø- og klimaskadelege utslepp til luft og sjø. MCT har i perioden juni 2011 – juni 2014, vore ein del av Arena-programmet, som er eigm av Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd og SIVA. I juni 2014 vart MCT tildelt status som Norwegian Centre of Expertise (NCE) som er der det neste nivået i klyngeprogrammet. NCE-prosjektet starta formelt 1. november 2014.

MCT sine deltakarar speglar heile verdikjeda i næringa, frå skipsdesign til verft, utstyrleverandørar, reiarlag, klasseforening og forskingsmiljø. Elektrifisering av ulike fartøykonsept stiller også krav til samarbeid med leverandørar av fornybar energi. Kraftselskapet SKL har delteke sidan etableringa av samarbeidet, og deltek i fleire utviklingsprosjekt i klynga. Fleire av aktørane er internasjonalt leiande og har vore først ute med å introdusera LNG, hydrogen, batteri og andre energibærerar om bord på fartøy.

Ved utgangen av 2014 var det 34 aktørar som var tilknytt MCT som medlem, bedriftspartner eller kunnspartner. Medlemsmassen er i vekst, og i løpet av 2014 har MCT fått 6 nye medlemmer.

Deltakarar i MCT:



Som følgje av ny status som NCE og vart det i november 2014 gjennomført eit ekstraordinært årsmøte. Årsmøtet vedtok å innføra partnarskap som ny tilknytingsform til MCT. Det vart også vedtatt å endra namn på organisasjonen frå Maritime CleanTech West til Maritime CleanTech.

MCT er kontraktpartner til NCE-prosjektet.

Kva er NCE – Norwegian Centres of Expertise?

Norwegian Centres of Expertise (NCE) skal forsterka innovasjonsaktiviteten i dei mest vekstkriftige og internasjonalt orienterte næringsklyngene i Norge. Bak programmet står Innovasjon Norge, SIVA og Norges Forskningsråd. Det er 12 NCE-ar i Norge.

Som NCE har vår klynge dermed fått ei viktig anerkjening og den maritime klynge har eit unikt handlingsrom. Som NCE har MCT tilgang til verkemidlar som skal akselerera innovasjonstakten i næringa og dermed bidra til å forsterka verksemldene si konkurranseskraft.

Kva er ei klynge?

Ei klynge er ein geografisk konsentrasjon av relaterte bedrifter og institusjonar innan ein bransje, eit teknologiområde, kompetanseområde eller en verdikjede.

Forsking viser at næringsklynger fører til høgare sysselsetting, større økonomisk vekst, høgare løn, betre produktivitet og fleire nystarta verksemder. Innovasjon i form av ny teknologi, nye produkt, og nye tenester springer ofte ut av næringsklynger enn verksemder utanfor klynger.

NCE-programmet fokuserer på regionale klynger. Sentralt i denne klyngetenkinga er eit dynamisk samarbeid mellom bedriftene, kunnskapsaktørar og offentleg verksemd, gjerne kalla for "triple-helix".

Styre og leiing av organisasjonen



2014 har vært et begivenhetsrikt år for vår organisasjon med flere viktige milepeler som sikrer videre utvikling av den maritime klyngen i regionen vår. Spesielt vil jeg nevne det gode arbeidet som ble gjort i forhold til ny søknad om opptak i NCE-programmet som ble kronet med opptak før ferien og betyr at vi som organisasjon kan ha en langsigkt plan for viderutvikling av våre klynge.

Samtidig ser vi at det skjer store og brå innstramninger i markedet spesielt innenfor olje og gass industrien som utfordrer Norge og regionen vår på kort sikt. Innenfor ferjedrift er det positive politiske beslutninger som kan medføre en omlegging til mer miljø- og driftseffektive løsninger. Kysttransport er et område det også skjer mye både på politisk plan og i næringen. Det som er gjort av våre medlemsbedrifter i forhold til idriftsettelse av Ampere og Folgefonna og nye energiløsninger innenfor offshore fartøy, viser at vi er verdensledende innen miljøvennlige og effektive løsninger. Slike pilot og demoprosjekt legger et godt grunnlag for å lykkes med nye markedsløsninger.

NCE Maritim Clean Tech sin lansering av nye konsepter som Urban Water Shuttle og Short Sea Pioneer har gitt oss mye media-dekning og god markedsføring, og er viktig å forvalte videre som realiseringssprosjekt. Samarbeid med universiteter, høyskoler og institutt har i 2014 hatt et gjennombrudd i forhold til felles søknad mot strategiske nasjonale forskningsprogram. Selv om vi ikke har kommet i mål med en slik etablering foreløpig vil det være et godt grunnlag for å lykkes i 2015.

Vi har også hatt et aktivt år innen fagsamlinger og temasamlinger som er viktig for å sikre både påfyll og samarbeid på tvers av bedriftene.

Vel blåst så langt og jeg ser frem til et spennende år i 2015 med mange muligheter!

Ingve Sørfonn, Styreleiar NCE Maritime CleanTech

På årsmøtet den 27.03.14. vart følgjande styre vald:

Ingve Sørfonn, Wärtsilä
Dagfinn Botnen, Kværner Stord
Sonia Faaland, CMR Prototech
Randi Elisabeth Taxt, BTO (ekstern)
Hege Elvestad, Connect Vest
Bjørn Håvard Bjørklund, Future Solutions
Rune Brakstad, Scanelec
Asbjørn Tverdal, SKL Nett (varamedlem)
Siri Pettersen Strandenes (varamedlem)
Gustav Oma, Oma Båtbyggeri (varamedlem)

Som følgje av ny status som NCE vedtok styret å kalla inn til ekstraordinært årsmøte den 11.11.14, der følgjande styre vald:

Ingve Sørfonn, Wärtsilä
Sonia Faaland, CMR Prototech
Randi Elisabeth Taxt, BTO
Bjørn Håvard Bjørklund, Future Solutions
Tore Dalseide, DG Marine
Vermund Hjelland, Eidesvik
Torill Møklebust, Kværner Stord
Tor Inge Dale, Solstad
Asbjørn Tverdal, SKL Nett (varamedlem)
Siri Pettersen Strandenes, NHH (varamedlem)
Liv Reidun Grimstvedt, HSH (varamedlem)



Administrasjon

Organisasjonen har pr 31.12.14 tre tilsette. Hege Økland vart tilsett som dagleg leiar frå 1. september 2014. Før dette har MCT hatt innleidde ressursar. Nils Aadland vart frå 1. oktober tilsett som prosjektleiar for del-prosjekt i MCT. Bodil Haga er frå 1. november 2014 tilsett i 50% prosjektstilling med ansvar for kommunikasjon og administrative oppgåver.

Det har i 2014 vore gjennomført 6 styremøter.

2. Aktivitetar i 2014

2.1 Vidareføring av klyngesamarbeidet etter Arena-perioden

1.juli vart den ordinære 3-årige programperioden for Arena-prosjektet Maritime CleanTech West avslutta. Det siste driftsåret i Arena-programmet har vore prega av aktivitetar knytt opp til vidareføring av klyngesamarbeidet. Då det nye klyngeprogrammet «Norwegian Innovation Clusters» vart utlyst i desember 2013 av Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd og SIVA, fatta styret vedtak om å søkja opptak i NCE-programmet. Styret har saman med administrasjonen arbeidd fram søknad som skildra klyngesamarbeidet og gav retning for det vidare samarbeidet.

8. juni kunngjorde Næringsminister, Monica Mæland, at MCT vart tatt opp som ein av to nye deltakarar i NCE-programmet.



Frå venstre: Nils Aadland (prosjektleiar NCE MCT), Hege Økland (dagleg leiar NCE MCT) og Monica Mæland (Næringsminister).

2.2 Strategiarbeid


Strategiprosessen i klynga byggjer på arbeidet som starta i 2012, og har vore vidareført med årlege samlingar for klyngedeltakarande. Eit konkret resultat av desse strategisamlingane er prosjektet «Framtidas Fartøy» som er etablert som eit overordna strategisk prosjekt for klynga. «Framtidas fartøy» understøttar MCT sin hovudmålsetnad om å lansere innovative fartøykonsept for ein miljøvennleg, effektiv og konkurranse-dyktig sjøtransport.

Det siste året har styret har i sitt strategiarbeid vore særleg retta mot vidareføring av klyngesamarbeidet og posisjonering i høve til NCE-utlysinga. Sentrale næringsaktørar i klynga har blitt involvert og intervjua i drøftingprosessen. Klyngedeltakarane var også samla 3.april 2014 for å drøfta strategiske satsingsområder i eit NCE-perspektiv.



2.3 Innovasjonssamarbeid

Samarbeid mellom akademia, næringsliv og myndigheter står sentralt i klyngesamarbeid, og kan vera naudsynt dersom ein skal lykkast med utvikling av nye miljøteknologiske løysingar. Klyngesamarbeidet skal danna dei beste føresetnadene for å utvikla framtidsretta fartøyskonsept som er i stand til å møta endra rammevilkår med nye utsleppskrav og endra energimiks.



Urban Water Shuttle – bybane til sjøs

Gjennom eit fellesprosjekt med deltaking frå ei gruppering aktørar som har særskilt kompetanse på design, bygging og utrusting av hurtiggåande fartøy, er konseptet Urban Water Shuttle (UWS) blitt utvikla. Prosjektdeltakarar har vore Apply, Wärtsilä Norway AS, Fjellstrand AS, Servogear AS og SKL.

I tillegg har også CMR Prototech og Staalesen Solutions bidrige i prosjektet.

Forprosjektet mottok i 2013 kr 500 000 i støtte frå Transnova.

UWS vart lansert for statssekretær Jon Georg Dale (FrP) 27. mars 2014, og fekk i samband med lansering omtale i riksmedia og fagtidsskrift. UWS vart også nominert til Transnova-prisen 2014 og fekk tildelt Spir-prisen i mai 2014.



SPIR! er en klimateknologi- og fornybarpris som første gang ble delt ut i 2013.

For å vinne SPIR må man ha et produkt, en tjeneste eller prosjekt – stort eller smått – som vil ha en positiv effekt på klimaet, og som i tillegg har et forretningsmessig potensiale. Det kom inn mange gode kandidater til årets SPIR-pris. Samtlige kandidater har blitt presentert på nettmagasinet Energi og Klima. Juryen brukte flere møter på å velge ut de tre finalistene som vi har blitt bedre kjent med i dag - og som alle er svært gode kandidater.

Juryen har hatt møter helt inn i denne konferansen og hovedkriteriene finalistene har blitt vurdert opp mot er 1) klimahensyn og 2) forretningspotensiale. Vinneren skårer høyt på begge to.

Produktet vil fortrenge fossil energi fra av nøkkelsektorene i kampen for utslippsreduksjoner, og produktet er like relevant utenfor landets grenser som i Norge. At det også vil bida til å fortrenge lokale miljøproblemer - som luftforurensing - mener juryen

styrker potensialet for nå ut i verden.

Juryen vil også vise til at teknologien som er tenkt brukt langt på vei er kjent. Dessuten er det et faglig veldig kompetent miljø som står bak - et miljø som også kan vise til resultater fra tidligere når det gjelder å lage forretning av nye, grønne ideer.

Klimatrusselens karakter krever ikke bare små justeringer, men også helt nye løsninger. Det har årets vinner tatt konsekvensene av.

Vinner av SPIR-prisen 2014 er utviklet av næringsklyngen Maritime CleanTech West og heter Urban Water Shuttle.

MCT har no inngått samarbeid med Hurum kommune og partnerar for å få vidareføra prosjektet vidare i eit hovudsprosjekt og etablera eit pilotprosjekt der UWS vert demonstrert i fullskala på strekninga Hurum, Fagerstrand, Oslo sentrum. Dette prosjektet fekk nyleg tildelt kr 1 mill. frå Transnova.

Short Sea Pioneer – framtidas kystfartøy

Prosjektet omhandlar utvikling av eit nytt energioptimalt og kostnadseffektiv fartøykonsept som skal styrka sjøtransporten si konkurranseevne. Prosjektet mottok kr 590 000 i støtte frå Norsk Designråd til gjennomføring av ein Designdrevne Innovasjonsprosess (DIP). Ekstern industridesignar er engasjert som prosjektleiar, og DIP-prosjektet vart avslutta i oktober 2015. Konseptet er illustrert med ein animasjonsfilm som viser eit tofartøy-konsept. Konseptet vart lansert for Næringsminister Monica Mæland d. 3. februar 2014 i Haugesund. Konseptet skal vidareutviklast i 2015 der målsettinga er etablering av eit pilotprosjekt med deltagning frå næring, forsking og offentleg sektor.



Short Sea Pioneer

Ein aldrande flåte, strengare krav til utslepp og eit ynskje om å flytte meir transport over frå veg til sjø skaper eit behov for nye løysingar for kysttransport. Short Sea er ein 2-fartøysløysing som kan endra måten me fraktar varer langs kysten.

Folgefond-prosjektet – demonstrasjon av hybriddrift på ferje

Prosjektet omhandlar demonstrasjon av batteri-/hybriddrift på ei operativ ferje. Problemstilling rundt lading og infrastruktur på land står sentralt i prosjektet, samt uttesting av batteridrift under ulike driftsmønster. Prosjektet har fått ca 27 mill kr i offentleg støtte. Prosjektkonsortium: Wärtsilä (prosjeekteigar), Apply, Fjellstrand, SKL, Servogear, Mecmar og Norled. Ferja er no ferdig ombygd med ladestasjon ved kai.

Felles løft for demo av hydrogen på maritime fartøy

Bruk av hydrogen som energiberar på ulike typar fartøy får stadig større merksemd. Dei siste åra har utviklinga innan hydrogenrelatert teknologi gjort store framskritt og kommersielle løysningar er no klar for marknaden. Aktørar i MCT ønskjer no å testa ut hydrogen som drivstoff på ulike typar maritime fartøy og har fått støtte frå Transnova til eit felles hydrogenprosjekt.

MCT har initiert eit felles prosjekt i MCT-klynga for bruk av hydrogen som energiberar på maritime fartøy. CMR Prototech har prosjektleiinga for forprosjektet som skal danne grunnlag for framtidige demonstrasjonsprosjekter knytt til hydrogen som drivstoff på skip. I prosjektet deltek ei rekke bedrifter og FoU-miljø frå MCT, i tillegg til samarbeidande forskingsmiljø med ekspertise innan hydrogen. Forprosjektet fekk i 2014 støtte frå Transnova på kr 1,3 mill.

Samarbeid mellom næring og akademia – Maritime SHIFT

Samarbeidet mellom forskingsmiljøa i MCT og fleire av bedriftene har blant anna resultert i søknad til Norges Forskningsråd sitt SFI-program (Senter for Forskningsdrevet Innovasjon). Prosjektet, Maritime SHIFT- Ship Future Technology and Operations, omhandlar forskingsområder innan energieffektiv og grøn skipsfart. Søknaden nådde derre ikkje opp under tildelinga, men gjennom det innleiande arbeidet til SFI-søknaden er det etablert eit godt og sterkt konsortium som vil bli nytta i andre forskingsprosjekt i klynga. Prosjektet Maritime SHIFT omhandlar relevante problemstillingar og forskingsområder som også vil vera aktuelle for andre forskingsprogram. Konsortiet vurderer no alternative forskingsprogram i bl.a. Norges Forskningsråd.

2.4 Møteplassar

I 2014 har følgjande faglege møteplassar blitt gjennomført:

30.januar: Energoeffektivitet for styrka konkurransekraft

Temaet for seminaret var energieffektive løysingar basert på design, lettvektsmaterial og energieffektiv produksjon. Interessante og sentrale foredragshaldarar frå Massachusetts Institute of Technology (MIT), NCE Raufoss, UiB og MCT. Seminaret vart arrangert av MCT i samarbeid med EnergiRike og Polytec.

25. september: Grøne operasjonar

Nær 30 deltakarar frå MCT deltok på medlemssamlinga hos Solstad Offshore. Solstad Offshore har også fått mykje god omtale for sitt miljøprogram, Green Operations. Seminaret omhandla også ein workshop som gav innspel og tilbakemeldingar til NCE-prosjektet innan ulike tema som Kompetanse, Innovasjon og Framtidas kystfartøy.



23.-24. oktober: Det grøne skiftet - korleis ivareta endringar i framtidige rammevilkår i utvikling av dagens systemløysningars?

Eit skip er omgjeve av fornybare energiressursar på alle kantar. Kan me bygga skip som i større grad nyttar sol, vind, bølgjer, termisk energi eller hydrogen til framdrift var utfordringa til klyngedeltakarane på eit to-dagars seminar hos SKL i Matre, Kvinnherad. Deltakarane fekk også nyttig informasjon om teknologistatus for ulike fornybarkjelder som sol, vind, termisk og bølgjekraft.

2.5 Rekruttering og omdømmebygging

Rekruttering ungdom

MCT deltok også i 2014 som samarbeidspartner og utstillar på "Et HAV av muligheter" i Bergen. Målet med arrangementet er å få fleire jenter til å ta realfag på vidaregående skule og velge ein yrkesveg innan maritim næring.

Arrangementet gjekk av stabelen 11. februar på VilVite-senteret i Bergen i regi av Maritimt Forum Bergens-regionen. Det var stor interesse for arrangementet, med heile 220 deltagande jenter. Trine Strand Jensen frå Polytec representerte MCT på arrangementet, og ho fekk mange spørsmål frå interesserte jenter som ville veta meir om kva bedriftene i MCT-klynga arbeider med og kva yrkesmuligheter som finnes hos bedriftene og i forskingsmiljøa.

MCT har også delteke på rekrutteringsseminar hausten 2014 for studentar i Bergen i regi av prosjektet "Bu i Sunnhordland".

Samfunnskontakt og profilering

MCT arbeider med å synleggjera og profilera sitt arbeid overfor ulike målgrupper. MCT arbeider også for å betra rammevilkår og støtteordningar til miljøteknologiprosjekt. MCT har i 2014 hatt fokus på det offentlege som krevjande og miljøvenleg kunde, samt betring av rammevilkår for å styrkja miljøvenleg sjøfart. Offentleg deltaking i pilotprosjekt, samt overføring av gods frå veg til sjø, er også viktige tema for MCT. Dette tok MCT opp bl.a. med Næringsminister Monica Mæland i samband med innspel til Regjeringa sin Maritime strategi.



Bernt Skeie (adm. dir. CMR Prototech), Hege Økland (dagleg leiar, NCE MCT) og Monica Mæland (Næringsminister)



Faksimile Dagens Næringsliv 27.mars 2014

MCT vektlegg å få fram positiv presseomtale av klynga og pågåande innovasjonsprosjekt, og har i løpet av 2014 fått omtale i fagblad, riksmedia og i lokalmedia. MCT har eiga nettside og sender ut informasjon til medlemmer og interessantar månadleg via e-post. I tillegg har MCT eiga Facebook-side, samt diskusjonsgruppe på LinkedIn.

I 2014 har MCT hatt innlegg på ei rekke konferansar med tema klyngesamarbeid og berekraftig skipsfart, blant anna Grøn Fjord konferansen i Geiranger, Marinade – Maritimt Forum Bergensregionen, Klimafrokost – Norsk klimastiftelse, Sunnhordlandskonferansen med fleire.

Samarbeid med andre nettverk og klynger MCT har inngått samarbeidsavtale med National Alliance of Advanced Technology Batteries om utveksling av kompetanse og nettverk. MCT har samarbeid med ei rekke nasjonale og regionale interesseorganisasjonar og klynger som Maritimt Forum, Young Ship og Maritimt Batteriforum.

3. Rekneskap

Rekneskap er framlagt under føresetnad om framhald i drifta. Rekneskapet viser eit årsunderskot på kr 808 484,-. Underskotet skuldast at ein i 2014 har hatt meirkostnader som følgje av posisjonering og søknad til NCE-programmet. Som følgje av overgangen frå Arena- til NCE-programmet, var to av driftsmånadene i 2014 utan offentleg finansiering. Årsunderskotet skuldast i tillegg til dette at kostnader som gjaldt leige av personalressursar i 2013, først blitt fakturert og kostnadsført i 2014.

Stord, 13. februar 2015

Styret i Maritime CleanTech:



Ingve Sørfonn
Ingve Sørfonn (styreleiar)



Randi Elisabeth Taxt
Randi E. Taxt (nestleiar)



Bjørn Håvard Bjørklund
Bjørn Håvard Bjørklund




Tore Dalseide
Tore Dalseide



Vermund Hjelland
Vermund Hjelland



Sonia Faaland
Sonia Faaland



Tor Inge Dale
Tor Inge Dale



Torill Møklebust
Torill Møklebust

Maritime Cleantech

Postboks 217
5412 STORD

Haugesund, 11.2.2015

Regnskapsrapport 2014

Bokført resultat for organisasjonen Maritime Cleantech er for 2014 et underskudd på kr 808.484.

Tilskudd fra Innovasjon Norge:

Organisasjonen har i 2014 fått utbetalt 2.040.000 som tilskudd til prosjekt Arena, av dette er kr 1600 000 inntektsført i 2014 og kr 440.000 i 2013. I tillegg er det gitt tilskudd på kr 100.000 til andre prosjekter samt kr 5.800.000 til prosjekt NCE for perioden 1.11.14 – 31.12.15. Det er utbetalt kr 1.450.000 for NCE prosjektet, og av dette er kr 828.571 inntektsført i 2014. Forskudd kr 621.429 er bokført som annen kortsiktig gjeld i balansen pr 31.12.

Andre mottatte tilskudd til prosjekter:

Transnova forprosjekt Urban Water Shuttle kr 500.000, hvor tilsagnet ble tatt til inntekt i regnskapet i 2013. Fylkeskommunene VR1 Rogaland har gitt tilskudd på kr 201.875 og VR1 Hordaland kr 430.000, hvor kr 180.000 er bokført som fordring i balansen pr 31.12. Det er inntektsført i 2014 kr 442.500 som tilskudd fra Norsk forskningsråd til prosjekt Design pilot 13 hvor kr 196.667 er bokført som restfordring i balansen pr 31.12.

Organisasjonen har i 2014 3 ansatte fra høsten av, noe som utgjør 2,5 årsverk. Gjeld til stiftelsen Polytec er kr 632.308 pr 31.12, og er bokført som leverandørgjeld.

Merverdiavgift til gode pr 31.12.14 er kr 28.779, og er bokført under andre fordringer i balansen.

Direkte kostnader fra 2013 på kr 175.696 er kostnadsført i 2014 da faktura ble mottatt av stiftelsen Polytec etter at årsregnskapet for 2013 var ferdigstilt. Renteinntekter på bankinnskudd utgjør i 2014 kr 10.333.

Med vennlig hilsen
Hagland Finans AS

.....
Ingunn J Lossius
Autorsert regnskapsfører

Hagland Finans AS
Smedasundet 97B
Postboks 98
5501 Haugesund
+47 52 70 12 00
finans@hagland.com

NO 938 036 764 MVA

Årsregnskap

2014

Maritime Cleantech

Org.nr.:996 700 275

Resultatregnskap

Balanse

Noter til regnskapet

Uttalelse fra regnskapsfører

Utarbeidet av:

Hagland Finans AS

Sjøfartsbygget, Smedasundet 97, Haugesund
Postboks 98, 5501 Haugesund
Tlf.: +47 52 70 12 00
E-mail: finans@hagland.com
Web: hagland.com



RESULTATREGNSKAP

MARITIME CLEANTECH

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2014	2013
Driftsinntekter		4 052 946	3 555 020
Annen driftsinntekt		50 000	0
Sum driftsinntekter	4	4 102 946	3 555 020
Direkte kostnader		3 351 181	2 904 405
Lønnskostnad	5	812 144	18 467
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	1	2 646	0
Annen driftskostnad	5	755 793	546 697
Sum driftskostnader		4 921 763	3 469 569
Driftsresultat		-818 817	85 451
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annen renteinntekt	3	10 333	14 361
Annen rentekostnad		0	209
Resultat av finansposter		10 333	14 152
Ordinært resultat før skattekostnad		-808 484	99 603
Ordinært resultat		-808 484	99 603
EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER OG KOSTNADER			
Årsresultat		-808 484	99 603
OVERFØRINGER			
Avsatt til annen egenkapital		0	99 603
Overført fra annen egenkapital		808 484	0
Sum overføringer		-808 484	99 603

BALANSE

MARITIME CLEANTECH

EIENDELER	Note	2014	2013
ANLEGGSMIDLER			
IMMATERIELLE EIENDELER			
VARIGE DRIFTSMIDLER			
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr		34 663	0
Sum varige driftsmidler	1	34 663	0
FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER			
Obligasjoner		180 000	0
Andre langsiktige fordringer	2	196 667	940 000
Sum finansielle anleggsmidler		376 667	940 000
Sum anleggsmidler		411 330	940 000
OMLØPSMIDLER			
FORDRINGER			
Kundefordringer	2	15 909	0
Andre kortsigtige fordringer	2	110 910	243 879
Sum fordringer		126 819	243 879
INVESTERINGER			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		1 438 433	689 783
Sum omløpsmidler		1 565 252	933 662
Sum eiendeler		1 976 582	1 873 662

BALANSE

MARITIME CLEANTECH

EGENKAPITAL OG GJELD INNSKUTT EGENKAPITAL	Note	2014	2013
OPPTJENT EGENKAPITAL			
Annen egenkapital		341 322	1 150 619
Sum opptjent egenkapital		341 322	1 150 619
Sum egenkapital		341 322	1 150 619
GJELD			
AVSETNING FOR FORPLIKTELSER			
ANNEN LANGSIKTIG GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		713 109	455 961
Skyldig offentlige avgifter		162 596	1 282
Annen kortsiktig gjeld	6	759 556	265 800
Sum kortsiktig gjeld		1 635 261	723 043
Sum gjeld		1 635 261	723 043
Sum egenkapital og gjeld		1 976 582	1 873 662

Stord , 13. februar 2015
Styret i Maritime Cleantech

Ingve Sørfonn
Stvleeder

Tor Inge Dale
Styremedlem

Sonia Faaland
Styremedlem

Vermund Hjelland
Styremedlem

Randi Elisabeth Taxt
Styremedlem

Tore Dalseide
Styremedlem

Torill Møklebust
Styremedlem

Noter 2014

Regnksapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnksapsloven. Det er utarbeidet etter norske regnksapsstandarer.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Bankinnskudd, kontanter og lignende

Bankinnskudd, kontanter ol. inkluderer kontanter, bankinnskudd og andre betalingsmidler med forfallsdato som er kortere enn tre måneder fra anskaffelse.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet som normalt vil være tilskudsperioden. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres.

Note 1 Anleggsmidler

	Driftsløsøre, inventar ol.	Sum
+ Tilgang kjøpte anleggsmidler	37 309	37 309
= Anskaffelseskost 31.12.14	37 309	37 309
Akkumulerte avskrivninger 31.12.14	2 646	2 646
= Bokført verdi 31.12.14	34 663	34 663
Årets ordinære avskrivninger	2 646	2 646

Note 2 Fordringer

	2014	2013
Norsk forskningsråd Design Pilot 2013	196 667	0
Hordaland fylkeskommune	180 000	0
Innovasjon Norge	0	440 000
Transnova	0	500 000
Bergen Næringsråd, Spir-prisen	50 000	0
Refusjon reiseutlegg	15 909	0
Til gode merverdiavgift	28 779	243 879
Sum fordringer	471 355	1 183 879

Maritime Cleantech
996 700 275

Noter 2014

Note 3 Renteinntekter

	2014	2013
Bankinnskudd	10 333	9 563
Andre	4 798	
Sum renteinntekter	10 333	14 361

Note 4 Inntekter

<u>Driftsinntekter</u>	2014	2013
Medlemsavgifter	650 000	522 000
<u>Tilskudd</u>		
Innovasjon Norge	2 428 571	2 200 000
Rogaland Fylkeskommune	201 875	0
Hordaland Fylkeskommune	430 000	185 520
Norsk forskningsråd	442 500	147 500
Transnova	0	500 000
Sum tilskudd	3 502 946	3 033 020
<u>Annen driftsinntekt</u>		
Bergen Næringsråd, Spir-prisen	50 000	0
Sum inntekter	4 102 946	3 555 020

Note 5 Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

Lønnskostnader	2014	2013
Lønninger	654 953	15 717
Arbeidsgiveravgift	100 704	2 750
Pensjonskostnader	41 916	0
Andre ytelsjer	14 570	0
Sum lønnskostnader	812 144	18 467

Gjennomsnittlig antall årsverk: 2

Ytelsjer til ledende personer	Daglig leder	Styre
Lønn	300 000	17 500
Annен godtgjørelse	6 433	0

Maritime Cleantech
996 700 275

Noter 2014

Pensjonsforpliktelser

Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne lov.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2014 utgjør 91 115.

Note 6 Annen kortsiktig gjeld

	2014	2013
Forskudd Innovasjon Norge	621 429	245 833
Avsatt styrehonorar	19 967	19 967
Påløpt lønnskostnader	77 885	0
Påløpt reisekostnader	40 275	0
Sum annen kortsiktig gjeld	759 556	265 800



Norwegian Centres of Expertise

NCE Maritime CleanTech

www.maritimecleantech.no

